



Representantforslag 10 S

(2015–2016)

frå stortingsrepresentantane Sveinung Rotevatn, Iselin Nybø, Karin Andersen og Ingunn Gjerstad

Dokument 8:10 S (2015–2016)

Representantforslag frå stortingsrepresentantane Sveinung Rotevatn, Iselin Nybø, Karin Andersen og Ingunn Gjerstad om å opne for mogleheit til å erverve dobbelt statsborgarskap

Til Stortinget

Bakgrunn

Dette forslaget har til føremål å sikre at utlendingar som søker om norsk statsborgarskap får høve til å oppretthalde sitt opphavlege statsborgarskap, samt at norske statsborgarar som søker statsborgarskap i eit anna land ikkje er tvungne til å gje frå seg sitt norske statsborgarskap. Eit moderne demokrati bør ikkje tvinge frie menneske til å seie frå seg eit statsborgarskap dei har fått og ønskjer å halde på.

Spørsmålet om dobbelt statsborgarskap

Noreg har dei siste åra opplevd større og større påverknad frå globalisering, og jamnt aukande innvandring til landet. I dag er det nær 670 000 innvandrarar i Noreg, som no har eit samla folketal på 5 109 056. Aukande migrasjon gjer at mange i dag kjenner seg knytte til fleire land. Dette skjer som følgje av studiar, arbeid og giftarmål på tvers av landegrensene. For mange med sterkt tilknyting til fleire land er det tungvint og vanskeleg å skulle seie frå seg statsborgarskap, og forslagsstillerane er av den klare meining at høvet til å ha to statsborgarskap vil gjere livet enklare, integreringa betre og rettferds- og inkluderingskjensla sterkare for mange borgarar.

Stoda i andre land

Om lag halvparten av landa i verda tillet dobbelt statsborgarskap. Til dømes er dette lovleg i saman-

liknbare land som USA, Canada (1977), Sverige (2001), Island og Finland (2003), Belgia og Tyskland (2007), Australia (2002), Storbritannia (1948), Danmark (2015) og New Zealand. Dette er alle land som mottek mange norske innvandrarar. Noreg er eit av svært få land der ein mistar statsborgarskapet ved søknad om framandt statsborgarskap, utan høve til unnatak. Hellas, Spania, Litauen, Liechtenstein, Polen og Slovenia har avgrensingar på statsborgarskap for utlendingar i landet, men ikkje for staten sine eigne innbyggjarar i utlandet. Kun 6 av Europas 46 statar tillet ikkje dobbelt statsborgarskap, noko som inneber at over 90 prosent av europeiske borgarar har rett til dobbelt statsborgarskap. Forslagsstillerane finn det også verdt å nemne at i land som Danmark, Sverige, Tyskland og Finland har reglar om dobbelt statsborgarskap vorte innført med breie og blokkoverskridande fleirtal.

Utviklinga internasjonalt har medført at prinsippet om eitt statsborgarskap i stor grad er forlete. Oppning for dobbelt statsborgarskap er no den normale rettstilstanden både i Europa og i Norden. Forslagsstillerane meiner at også Noreg treng å modernisere statsborgarlova si. Ei slik modernisering bør ha som siktet mål å sikre sterake tilknyting til landet, samt like mogleheter og demokratiske rettar for innvandrarar til Noreg så vel som utvandrarar frå Noreg.

Stoda i Noreg

Siste gongen Stortinget tok stilling til spørsmålet om dobbelt statsborgarskap var i innstillinga om lov om norsk statsborgerskap (statsborgerskapsloven)¹, Innst. O. nr. 86 (2004–2005), jf. Ot.prp. nr. 41 (2004–2005). Til grunn for stortingshandsaminga låg innstillinga frå statsborgerskapslovutvalet (NOU

¹. <https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/innstillinger/odelstinget/2004-2005/inno-200405-086.pdf>

2000:32), der fleirtalet gjekk inn for at det skulle vere mogleg med dobbelt statsborgarskap. Dei konkluderte med at spørsmål knytt til stemmerett og valbarheit, verneplikt, høve til å yte vern og bistand i utlandet og tryggingsomsyn ikkje talar mot at folk skal kunne ha dobbelt statsborgarskap. Tvert imot talar fleire av de samme forholda nettopp for å tillate det. I tillegg kjem høvet til å representere Noreg i idrett, søkje støtte frå Statens lånekasse, retten til norsk pass og moglegheit til å ta enkelte stillingar i offentleg sektor. Argumentet om dobbelt verneplikt som argument mot dobbelt statsborgarskap er heller ikkje særleg relevant, sidan Noreg har gjort ei rekke avtalar med andre land om avtening av verneplikt, grunna i omsynet til dei borgarane som av ulike årsaker har dobbelt statsborgarskap i dag.

At Noreg har slike avtalar om avtening av verneplikt kjem nettopp av at det allereie i dag er opning for at nordmenn kan ha doble statsborgarskap. Dette gjeld til dømes for dei som ved fødselen får to statsborgarskap grunna foreldra sin herkomst, eller for dei som av ulike årsaker ikkje kan lausrive seg frå opphavleg statsborgarskap. Prinsippet om at dobbelt statsborgarskap er mogleg er altså på plass, noko som gjer at Noreg allereie har avtalar og ordningar som gjeld dei komplikasjonane doble statsborgarskap kan medføre. Etter forslagsstillaane sitt syn er det vanskeleg å sjå kva som prinsipielt eller praktisk skal stå i vegen for at ein kan erverve dobbelt statsborgarskap, når det allereie er fullt mogleg å bli født til det same.

Nordmenn i utlandet

Moglegheit for dobbelt statsborgarskap vil ha stor praktisk nytte for norske statsborgarar som bur og arbeider i andre land. Mange nordmenn bur i utlandet i kortare eller lengre periodar, og mange har etablert familie. For mange av desse vil det vere ein stor fordel og svært ønskjeleg å oppnå statsborgarskap i landet dei er busett i. Samstundes vegrar mange seg for å gje opp det norske statsborgarskapet sitt, slik norske styresmakter krev av dei, sidan dei gjerne er både familiært og emosjonelt knytt til Noreg, og ikkje vil ende i praktiske vanskar dersom dei ein dag vil returnere. Dobbelt statsborgarskap vil gjere det mogleg for denne gruppa å oppretthalde tilknyting og identitet i to land, og sikre at det er praktisk enkelt å flytte tilbake. Til dømes bur det i dag 13 000 norske statsborgarar i Danmark, og ca. 35 000 i Sverige. Begge desse landa har opna for dobbelt statsborgarskap.²³

^{2.} Kilde: Danmarks Statistik: <http://www.statistikbanken.dk/10021>

^{3.} Kilde: Sveriges Statistiske centralbyrå: http://www.statistikdatabasen.scb.se/pxweb/sv/ssd/START__BE_BE0101_BE0101F/UtlmedbR/?rxid=0a3fa03d-7005-4311-b92e-6cf9df818820

Praksisen i dag skapar også store problem for mange born med éin norsk og éin utanlandsk forelder. Reglane om i kva grad ein får, og eventuelt kan halde på, to statsborgarskap, varierer ut frå kor ein er født, noko som fører til store praktiske problem for mange familiarar. Ein ser mellom anna døme på søsken som blir forskjellsbehandla fordi dei er fødde i ulike land.

Utlendingar i Noreg

Per 1. januar 2015 var det nær 670 000 innvandrarar i Noreg ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB). I underkant av 49 prosent kom frå vestlege land – definert som EU28/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand. 51 prosent kom frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, resten av Europa og resten av Oseania. Ifølgje Utlendingsdirektoratet (UDI) fekk om lag 15 200 innvandrarar norsk statsborgarskap i 2014. Det tilsvasar 88 prosent av dei om lag 17 250 som søkte om dette. I overkant av 10 prosent av dei som fekk statsborgarskap i 2014 kom frå vestlege land. SSB skildrar utviklinga slik:

«Selv om antallet overganger til norsk statsborgarskap har økt i perioden 1977–2013, er det en stadig lavere andel blant dem som kan skifte statstilhørigheit, som faktisk gjør det. Arbeidsinnvanderne som har kommet til Norge etter EU-utvidelsen i 2004, bytter ikke i like stor grad statsborgarskap som flyktninger.»⁴

Den årlege utviklinga i talet på overgangar til norske statsborgarskap følgjer naturleg nok i stor grad utviklinga for innvandring sju til ti år tidlegare. Når ein ser på den faktiske naturaliseringsraten, som seier noko om andelen av dei som i eit gitt år kan ta norsk statsborgarskap og faktisk gjer det, viser like fullt SSB-rapporten «Overgang til norsk statsborgarskap 1977–2011» at «tilbøyeligheten til å ta norsk statsborgarskap (naturalisering) ikke er like stor de senere årene som man kan få inntrykk av ved å se på antallet overganger alene».

Svært mange som har høve til å søkje norsk statsborgarskap gjer det altså ikkje. I den nemnde SSB-rapporten vert det vist til at fleire enn halvparten av dei som let vere å søkje statsborgarskap, ville gjort det dersom dei var trygge på å ikkje miste sitt gamle. Dette er ein trend som nyare forsking stadfestar på tvers av land. Migration Policy Group (MPG) påpeiker:

«Forskning viser at kravet om å frasi seg det opprinnelige statsborgarskapet er den viktigste grunnen til at folk ikke vil söke om nyt statsborgarskap. I Danmark gikk andelen som sökte kraftig opp etter at reglene ble endret.»⁵

^{4.} Kilde: <https://www.ssb.no/befolking/artikler-og-publikasjoner/stadig-lavere-andel-som-tar-norsk-statsborgarskap>

^{5.} Kilde: <http://www.utrop.no/Nyheter/28990>

For forslagsstillerane står det etter dette klart at regelverket som tvinger søkerar til å seie frå seg sitt gamle statsborgarskap er ein hovudgrunn til at mange let vere å søkje, trass i at dei fyller kriteriane. Dette er ueheldig for integreringa, og hindrar tusenvis av menneske frå full og ikkje minst demokratisk deltaking i det norske samfunnet.

Forslagsstillerane meiner at Noreg bør vere eit samfunn som inkluderer og ønskjer velkommen bufaste innvandrarar som medborgarar og statsborgarar, så lenge dei respekterer og overheld dei demokratiske verdiane og lovene i landet. At dei nye medborgarane samstundes har tilknyting til eit anna land og ein annan kultur, bør ikkje vere til hinder for full integrering i Noreg.

Berre norske statsborgarar har høve til å delta i stortingsval. At titusenvis av bufaste innvandrarar, som mellom anna har høve til å delta i lokalval, ikkje deltek i den viktigaste demokratiske øvinga, må reknaust som eit betydeleg demokratisk underskot i Noreg. I 2004 uttala Europarådet sin likestillingskomité at dobbelt statsborgarskap er ei styrke for integreringa, mellom anna grunngjeve i moglegheita for demokratisk deltaking.

Meir lempelege krav til nordiske statsborgarar

Forslagsstillerane viser til at det er lang tradisjon for at det vert gjort enklare å få norsk statsborgarskap for søkerar frå andre nordiske land. Dette er grunngjeve i fellesnordisk kultur og språkleg nærleik. Forslagsstillerane viser også til Innst. O. nr. 86 (2004–2005), der ein samla komité støtta statsborgarskapslovetvalet sitt framlegg om at kravet om butid for nordiske borgarar vart lempa til to år. Det bør etter forslagsstillerane sitt syn også bli lempa på språkkravet til borgarar frå Danmark og Sverige, som etter søknad ber om dobbelt statsborgarskap. Per januar

2015 var det 19 973 og 36 887 i Noreg frå høvevis Danmark og Sverige⁶. Etter å ha opphalde seg i riket dei to siste åra (jf. statsborgerloven § 13), bør det leggjast til grunn at danskar og svenskar – med eit morsmål som ligg svært nær norsk – ikkje treng å gjennomføre 300 timer med godkjend norskopplæring.

Forslag

På denne bakgrunn legg forslagsstillerane fram følgjande

f o r s l a g :

1. Stortinget ber regjeringa seinast hausten 2016 legge fram forslag til endringar i lov om statsborgarskap som opnar for dobbelt statsborgarskap. Reglane om tilbakekalling, krav om løysing frå anna statsborgarskap og tap av statsborgarskap må tilpassast dette nye prinsippet.
2. Stortinget ber regjeringa seinast hausten 2016 legge fram forslag til ei overgangsordning som sikrar at dei som har måttå seie frå seg sitt norske statsborgarskap som følgje av erverv av framandt statsborgarskap dei siste 5 åra, vert sikra høve til å få tilbake sitt norske statsborgarskap ved søknad, uavhengig av dei ordinære krava til opphaldstid i riket.
3. Stortinget ber regjeringa seinast hausten 2016 legge fram forslag om å lempe på språkkrava til danske og svenske statsborgarar som søker norsk statsborgarskap.

⁶. SSB: <https://www.ssb.no/befolking/statistikker/innvbef/aar/2015-034?fane=tabell&sort=nummer&tabell=219751>

